



PROGRAM HARAM ARBEIDERPARTI

2023-2027

«ALLE SKAL MED»

VÅRE VERDIAR

Haram Arbeiderparti vart stifta i 1958 som eit kommuneparti under Det Norske Arbeiderparti, og har sidan det vore aktive med i utviklinga av Haram kommune og regionen vår.

Vår politikk er alltid tufta på den sosialdemokratiske ideologien om solidaritet, ein sterkt offentleg velferdsstat og eit sterkt fellesskap. Saman står vi sterkest, og vi skal arbeide for ei rettferdig fordeling av velferden vår, og som ivaretak alle.

Når vi stiller til val, er det med eit ønske om å ha gode tenester for alle som bur her. Ein god, offentleg skule og barnehage og gode helse og omsorgstenester. Vi ønsker å bygge trygge og inkluderande lokalmiljø og sterke fellesskap som ivaretak alle, med eit rikt kulturliv og eit sterkt lokaldemokrati.

KORLEIS VIL VI BYGGE EI NY KOMMUNE BASERT PÅ VÅRE VERDIAR?

Ein heilt ny kommune skal etablerast frå 01.01.2024. Vi har mulegheiter til å starte heilt på nytt, og bygge ein kommune for framtida. Basert på den kunnskapen vi alle har med oss, ønsker vi å søke eit breast muleg samarbeid, politisk, men også i lag med innbyggjarane, næringsliv og frivillig sektor.

FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunnsbygginga, og samarbeid for å nå måla er sjølvsgagt eitt av desse. Vi har trua på ein ny Haram kommune skal gje både gode tenester og bidra inn i regionssamarbeidet.

Den første perioden vil vere svært viktig. I det nye kommunestyret vil dette legge føringane for prioriteringane våre:

1. Haram Arbeiderparti vil først av alt **sikre ein trygg økonomi** i den nye kommunen. Å få ein oversikt over økonomien vil legge grunnlaget for korleis ein skal utvikle kommunen i framtida.
2. Å sikre **gode tenester** ut til innbyggjarane våre. Slik som kvalitet i skulen og barnehage, nok barnehageplassar og gode helse og omsorgstenester.
3. Vi ønsker ein fleksibel, innovativ og tillitsbasert organisasjon, med **lite byråkrati**. Vi skal vere gode på **tverrfagleg samhandling**. Slik tenker vi at vi best kan utvikle oss for framtida.
4. Vi skal vere **ein aktiv samfunnsutviklar både lokalt og regionalt**. Vi skal aktivt søke samarbeid for å styrke regionen vår, både med fylkeskommune, andre kommunar, næringsliv, frivillig sektor og akademia.

5. **Levande bygder** og eit styrka **lokaldemokrati** i heile kommunen. Gode strukturar for samhandling mellom kommunen og innbyggjarane er nødvendig no og i framtida.

I. BARN OG OPPVEKST

OPPVEKST

Vi vil ha god kvalitet og høg kompetanse blant tilsette, og arbeide tverrfagleg for å sikre born sine oppvekstvilkår. Å arbeide aktivt med forebygging inn i barnehage og grunnskule, er med og legge til rette for trygge og sunne barn og vaksne, som varer heilt inn i alderdommen. Det er god folkehelse.

Difor ønsker vi å ha fokus på det tverrfaglege samarbeidet mellom fagpersonar og grupper og tidleg innsats. Tilsette skal få utvikle sin kompetanse og sikre eit høgt nivå på tenestene for våre barn og unge. Vi ønsker å ha god dekning av helsejukepleiarar, eit dyktig barnevern og PPT-teneste som alle samhandlar til det beste for innbyggjarane, ilag med skulen og barnehagen. Helsestasjonen er ein viktig aktør i det forebyggande arbeidet som kjem tett på. Det må vere lav terskel for å kome dit, og god kapasitet.

Vi vil arbeide for ei smart organisering av tenestene våre, og ha god dialog med primærhelsetenestene, frivillig sektor og andre som kan vere ein ressurs i eit barn sitt liv. Det er viktig å sikre eit mest muleg holistisk og godt tilbod rundt kvar enkelt familie. Familien skal stå i fokus, pårørande og foreldre skal bli høyrt og møtt med respekt.

Fritidsaktiviteter er ein viktig meistringsarena- Her skjer læring samstundes med at ein etablerer venskap og nettverk. Vi vil arbeide for å ha god dialog med lag og foreiningar for å sikre at barn i Haram kan delta i organisert idrett og andre fritidsaktivitetar uansett bakgrunn.

BARNEHAGE

Det skal vere full barnhagedekning i Haram kommune, og god bemanning. Tilsette skal vere kvalifiserte og ha god kompetanse.

Meistring, fysisk aktivitet, psykisk helse og samarbeid på tvers er blant dei viktige områda vi ønsker å ha ekstra fokus på i kvarдagen. Barnehagen som skal vere ein trygg og god stad for borna våre å vekse til.

SKULE

Arbeiderpartiet vil ha ein sterk, offentleg skule. Den skal vere for alle, uansett behov, og ha høgt fagleg nivå og kompetanse. Det skal vere kvalitet, tryggleik og valfridom i skulen og ein arena for trygg læring og meistring. Elevane må vere sikra ei best mogleg undervisning tilpassa den enkelte.

Haram Arbeiderparti ønsker å bruke ressursane og tid i skulen til MOT, og bygge på det allereie gode arbeidet vi har lagt ned til no. I tillegg ønsker vi å få miljøterapi inn i skulen.

Skulen er ein viktig del av teamet rundt barn som har behov for ekstra oppfølging, og skal arbeide tverrfagleg med andre fagpersonar for å forebygge og tilrettelegge for den enkelte elev.

Haram Arbeiderparti meinar at heildagsskule og eit skolemåltid er viktig for å forebygge sosial utanforskap.

II. FOLKEHELSE

Det skal vere godt å bu i Haram for alle, og i heile livsløpet. Folkehelse er så mykje. Fysisk aktivitet, ei meiningsfylt fritid, gode og trygge lokalsamfunn å vekse opp i, nettverk og vene, og det er å ha tilgang til gode kommunale tenester når ein treng det. Livet endrar seg medan vi veks til og blir eldre, og det gjer behova våre og. Då er det viktig at kommunen er der når ein treng det. Haram Arbeiderparti ønsker å ha eit spesielt fokus på dei forebyggande tenestene innanfor alle tenestene våre.

Det er lettare å forebygge enn å reparere, og vi har trua på å ta i bruk ressursane i den enkelte. Då vil ein ha innbyggjarar som har kontroll i eige liv, og som kan vere friske lengst muleg.

HELSE OG OMSORG

Slik samfunnet utviklar seg, står vi framfor ei tid der vi skal bli fleire eldre. Dei fleste av desse vil klare seg heime sjølve i lang tid, medan andre vil ha behov for tilrettelagte individuelt tilpassa tenester tidleg.

Haram Arbeiderparti vil ha trygge og gode tenester, som skal gje både pårørande og pasientar eit verdig liv. God nok støtte til pårørande er ekstra viktig, og pårørande skal møtast med respekt og bli lytta til. Det vil vi sikre ved å opprette brukar og pårørandeutval for alle dei ulike tenestene våre.

Vi må ha god bemanning i heimebasert omsorg, og kunne tilby tenester i heimen for dei som bur heime. Her må vi klare å vere både innovative og fleksible, og ikkje minst klare å trygge dei det gjeld. Pårørande må få avlastning, og det er viktig at det er godt tilrettelagt med avlastning både i og utanfor heimen ved behov.

Ein kan med fordel prøve ut ambulerande team innanfor ulike fagfelt. Det vil frigi ressursar. Det kan til dømes vere rehabilitering i heimen eller via digitale løysingar, samtale og oppfølging av den enkelte si psykiske helse. Haram har allereie i høg grad tatt i bruk velferdsteknologi, og høg grad av tverrfagleg samhandling på tvers. Ergo- og fysioterapitenesten er eit viktig tilbod for både born og vaksne, og her kan ein og tenke ambulante team. Det er viktig å ha god kapasitet og sikre samhandling på tvers og i desse forebyggande tenestene.

Vi veit at stadig fleire, og yngre, mennesker, vil få demens. Her må vi klare å legge til rette for både personen med demens som skal leve eit verdig liv, og dei pårørande som skal stå i ein krevjande omsorgssituasjon over lang tid. Sjølv om dei fleste ønsker å bu heime så lenge dei kan, er det viktig å ha nok sjukeheimspllassar og døgnbemannata bustadar og omsorgsboligar. Vi må prioritere nok dagtilbod og avlastningstilbod for personar med demens.

Fastlegetenesta er under press i heile landet, men regjeringa har varsla tiltak for å betre dette. Haram Arbeiderparti er klare på at vi må gjere det kan for å sikre fastlegetilbodet i Haram kommune.

Rekruttering av fagpersonale er ei utfordring for oss innan andre områder og, og det er viktig å ha fokus på dette heile tida. Heile, faste stillingar skal være hovedregelen.

PSYKISK HELSE OG RUS

Det er viktig å ha eit system som ein kan stole på når ein sjølv, eller nokon ein er glad i, er i krise.

For Haram Arbeiderparti er gode kommunale tenester innan rus og psykiatri svært viktig. Både brukarar og deira pårørande skal bli ivaretatt og oppleve å bli lytta til. Vi skal prioritere psykiatri-, rusforebyggande- og rusrehabiliterande tenester.

Vi vil arbeide for gode og heilheitlege pasientforløp for både barn, unge og voksne. Tenestene skal samhandle på tvers, og må vere fleksible og sikre individuelt tilpassa hjelp. Vi skal ha rett kompetanse på rett stad, og vi skal ha eit godt samarbeid med spesialisthelsetenestene. Det er viktig å bygge vidare på dei gode tenestene vi allereie har. Det er viktig å ha ei god buteneste med gode dagtilbod, og ein stad å høre til og ikkje minst ein meiningsfylt kvardag.

Forebyggjande aktivitet innan rus og psykiatri er viktige folkehelsetiltak. Haram Arbeiderparti ønsker lett tilgjengelege helsesjukepleiarar i skulen. Tiltak som rask psykisk helsehjelp, eit lavterskel samtaletilbod for dei over 16 år, er noko vi ønsker å få på plass i den nye kommunen.

Haram Arbeiderparti meiner erfaringsskompetanse er viktig og ønsker å ha erfaringskonsulentar for både pårørande og brukarane av tenestene våre. Likeins ønsker vi å ha god dialog og samhandling med brukarorganisasjonane, og legge til rette for likepersonasarbeid i samarbeid med kommunen sine tenester.

Nettsidene våre må ha relevant og nyttig informasjon og vere lette å finne fram i.

III. KOMMUNAL ORGANISASJON OG DRIFT

Arbeiderpartiet ønsker sterke og effektive kommunar som skal gi innbyggjarane gode tenester. I bygginga av den nye kommunen er prioritert nummer å få god oversikt og kontroll over økonomien. Her har vi sjansen til å sikre minimalt med byråkrati og smarte løysingar.

I tillegg ønsker vi ein smidig og fleksibel organisasjon, som er effektiv og nytenkande. Å tenke smart i utvikling av tenestene for å kunne utnytte synergiar, nytte digitalisering og innovasjon både internt og i møte med innbyggjarane vil vere med og sikre enno betre tenester og kvalitet.

Haram Arbeiderparti vil arbeide for ein balansert og robust kommuneøkonomi for å sikre innbyggjarane eit velfungerande offentleg tenestetilbod innan utdanning, helse, eldreomsorg og andre velfungerande kommunale tenesteytingar. Om nødvendig, for å nå dette målet, vil vi arbeide for å auke kommunen sitt inntektsgrunnlag.

Haram Arbeiderparti ønsker ein tillitsbasert organisasjon, der dei tilsette kan utvikle tenestene og seg sjølve på beste måte. Vi skal ha trygge og kompetente tilsette som vi lit på, det trur vi er med og utvikle kvar enkelt sitt beste potensiale. Vi skal lytte til våre tilsette, og ha god dialog mellom kommunaleiinga og tillitsvalde.

Vi ønsker å ha eit kontinuerleg arbeid for å ha fokus på å halde sjukefråver nede og sikre gode arbeidsmiljø i alle tenester. Tilgang til vikarar og fagkompetanse er viktig for oss, og vi ønsker å sjå på ulike turnusar og eige vikarbyrå/pool for å sikre tilgang til vikarar.

Vi ønsker og å ha ein høg grad av lærlingar i kommunal drift.

IV. SAMFUNN

Haram kommune er ei god kommune å vokse opp og bli gammal i. Her er industri og landbruk, og vi har vakker natur og rikt kulturliv. Haram Arbeiderparti ønsker å utvikle alle delane av kommunen, og engasjere innbyggjarane til å bli aktive i lokalmiljøa sine.

Vi må vere rusta for å møte utfordringar vi står over for i framtida, til dømes innanfor eldremomsorg og næringsutvikling. Velferdssamfunnet må sikrast og vidareutviklast, og heile samfunnet må kome saman for å bygge identitet og sterke fellesskap. Kommunen er ein viktig aktør for å sikre ei slik samhandling og har eit viktig ansvar som samfunnsbyggar.

Haram kommune er ein differensiert kommune, med nokre tettstader som er sterkt industrialisert, og andre områder som er sentrale buområder. Begge deler er viktig å ta vare på og utvikle videre. Eit svekka næringsliv vil være negativt for heile kommunen. Det må leggast til rette for auka tilgang på bustad tomter også i næringssterke områder.

Haram kommune skal være ein kommune som ber preg av mangfald og toleranse. Flyktingar og innvandrarar må få tilbod om opplæring og integrerast. Kommunen må spele på lag med bedrifter, lag og organisasjonar som driv med integreringstiltak.

SAMFERDSEL

Haram Arbeiderparti ønsker å arbeide for trygge og gode trafikkloysingar i heile kommunen. Trafikktryggleik og ein trygg skuleveg er prioritet nummer ein. Å kunne gå eller sykle til skulen og arbeid er god folkehelse.

God offentleg kommunikasjon og tilgang til buss og båt er viktig i ein kommune som vår. Vi vil arbeide opp imot våre fylkestingspolitikarar for å arbeide fram gode løysingar for kollektivtilbodet i kommunen.

Det er viktig å ha ein plan for prioriteringar. Til dømes er ei ny løysing for vegkrysset ved Best og Prestekrysset viktig for oss. Likeins med, utbetring av bru ved Vesterheim og gang- og sykkelveg via Rema mot Synnaland, gang og sykkelsti i nedstebygda på Vatne, ny Vatnebru, og gang og sykkelsti for å knyte Vadset til den nye skulen på Eidet.

Haram Arbeiderparti meiner at bompenger ved bruk av Nordøyvegen ikkje skal overstige tidlegare fergetakstar. Dette er viktig ikkje berre for folket som bur der, men for å utvikle vegen som Nasjonal turistveg.

Å ha ein god infrastruktur for næringslivet i regionen må vi alle samarbeide om. Eksportvegane våre og transporttilbodet for å nå ut i marknaden er sjølv livsnerven for næringslivet. Haram Arbeiderparti vil gjøre det vi kan for å påverke internt i partiet til beste for regionen og kommunen.

REGION

Haram Arbeiderparti meinar at samarbeide i Ålesund regionen er viktig for utvikling av området. Haram kommune må være en aktiv aktør, og spela på lag med nabo kommunane. Interkommunale avtaler som støtter opp under effektive løysingar på tvers av kommunane er viktig. Det er også viktig at infrastruktur både i og inn og ut av regionen er effektiv. I så måte er Hamnsundsambandet et viktig samferdselsprosjekt.

Ålesundsregionen er ein stor og omfattande bu- og arbeidsmarknad. Fleire selskap har arbeidsplassar både i Haram kommune og andre kommunar, spesielt i Ålesund. Samarbeid også på dette området er viktig.

NÆRING OG KOMPETANSE

Haram Arbeiderparti ønsker å byggje vidare på det gode samarbeidet mellom kommune, næringsliv og Haram vidaregåande skule. Vi skal bidra til å sikre nye fagarbeidrarar, lærlingar og utdanningar i vidaregåande skule, tilpassa behova i næringsliv og offentleg sektor.

Vi ønskjer å arbeide for at flyktningar og arbeidsinnvandrarar får lære norsk og får kompetansen dei treng for å ta utdanning og kunne vere ein ressurs for næringslivet og lokalsamfunnet i kommunen. Vaksenopplæringa har hatt gode tradisjonar i tidlegare Haram, og vi byggje vidare på det gode samarbeidet mellom aktørane i samfunnet for å sikre både språktrening og arbeidserfaring for dei vi skal busette.

Det er viktig å legge til rette for nye næringar. Nordøyvegen opnar for ei sunn utvikling av turisme på særleg Nordøyane og det er viktig at kommunen legg til rette for det på ein god måte. Difor er det viktig å ha god dialog og struktur for samhandling med både næringslivet og skule. Vi vil sikre at kommunen tek si rolle som samfunnsaktør på alvor og legg grunnlag for dette både i teori og praksis.

Det er og viktig å legge til rette for auka besøk av både bubar og campingturistar. Skal veien bli Nasjonal turistveg, må det vere gode nok sanitæranlegg og parkeringsmulegheiter på øyane.

Haram kommune er ei viktig kommunane spesielt innanfor dei maritime næringa. Eit godt samarbeide med næringa og offentleg forvaltning, kan legge til rette for vekst og utvikling.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

Berekraftsmåla er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane. I 2015 gikk FN sine tusenårsmål ut og vart erstatta av berekraftsmåla. FN sine berekraftsmål er "den nye" planen fram mot 2030. Vi har eit globalt ansvar for å ta vare på jorda vår og forvalte naturen og velferden vår på ein forsvarleg måte. Vi må sikre tryggleik og for komande generasjonar.

Møre og Romsdal og vår region er godt i gang, og har sett i gang mange innovative tiltak for å fremje arbeidet for å nå desse måla. Dette arbeidet vil vi fortsette å vere aktivt med i.

Haram kommune skal vere ein aktiv medspelar i arbeidet i regionen vår rundt berekraft og «det grøne skiftet». At alle samfunnsaktørar står samla for å nå felles mål er naudsynt, og vi ønsker å vere ein føregangskommune i vår region. Difor skal vi arbeide for at berekraftsperspektivet legg til grunn den daglege drifta av kommunen og i planverket vårt.

Vi skal som kommune vere pådrivarar for samarbeid på tvers, og involvere både innbyggjarane, næringsliv, skular, barnehagar og frivillig sektor i arbeidet med å sikre og trygge framtida vår.

KULTUR OG FRIVILLIGHEIT

Haram kommune skal vere ei attraktiv kommune å bu i. Gode fritidstilbod er viktig for å inkludere alle, og det gir auka livskvalitet for dei som deltek. Spesielt viktig er det å forebygge einsemd og sosial isolasjon. Ved å vere med i eit fellesskap kan ein få både vener og nettverk og oppleve meistring og ha eit meiningsfylt liv.

Haram Arbeiderparti vil arbeide for eit rikt kulturliv, med eit aktivt samarbeide mellom kommunen og frivillig sektor. Kommunen skal vere ein samarbeidspartner, og arbeide for at lag og foreiningar i kommunen har gode rammevilkår. Kommunen skal sørge for at frivilligcentralen skal vere synleg og ei støtte for frivilligheita, i hele kommunen.

Utfordringane i samfunnet løyser vi best i lag, og kommunen skal legge til rette for god dialog og kommunikasjon med både innbyggjarane og organisasjonane. Saman skal vi sette mål og bestemme korleis vi kan arbeide for det beste for lokalmiljøa våre.

Haram Arbeidarparti ønsker- å sikre engasjement og involvering for å bygge fellesskap og identitet i bygdene våre. Sterke og trygge lokalsamfunn er med og sikrar både gode oppvekstvilkår og solidaritet, og det er viktig for å utvikle lokaldemokratiet.